

ID 415.25
AMH/thm

Ordførarar og kommunedirektørar/rådmenn i Sunnhordland

INNKALLING TIL MØTE I SUNNHORDLANDSRÅDET
Fredag 17. oktober kl. 09.30, Leirvik AS, Stord

Tidsplan:

Kl. 09.30	Velkommen v/ Sigbjørn Framnes, ordfører Stord kommune
Kl. 09.35	Orientering Leirvik AS v/ Øyvilde Harald Eskeland, økonomisjef
Kl. 10.00	Orientering Sustainable Energy v/ Willy Wågen, dagleg leiar
Kl. 10.30	Orientering NVIO V/ Åge Ånensen, NROF avd. Sunnhordland v/ Ole Asbjørn Fauske, president Norges Veteranforbund
Kl. 10.50	Pause
Kl. 11.00	Sakshandsaming
Kl. 11.30	Lunsj
Kl. 12.00	Sakshandsaming
Kl. 15.00	Møteslutt

Sakliste:

Sak 61/25	Godkjenning av sakslista
Sak 62/25	Fråsegn: planprogram for Regional plan for areal og mobilitet i Vestland
Sak 63/25	Fråsegn: Konkurransen om regionale ruteflygingar i Sør-Noreg
Sak 64/25	Møte med Hordalandsbenken og departementa 2026
Sak 65/25	Formannskapskonferansen 2026
Sak 66/25	Handlingsplan 2026 og arbeidsgrupper
Sak 67/25	Skriv og meldingar a) Møteplan 2026 b) Region Sunnhordland og strategiprosess c) Bu i Sunnhordland og utanbys arrangement d) Visit Sunnhordland og visningstura
Sak 68/25	Ymse

Sunnhordland, 10. oktober 2025

Tora Haslum Myklebust
Dagleg leiar

MØTEBOK

Sunnhordlandsrådet

Fredag 17. oktober kl. 09.30

Leirvik AS, Stord

Sak 62/25

AMH/thm

Fråsegn: planprogram for Regional plan for areal og mobilitet i Vestland

Vestland fylkeskommune har starta arbeidet med ny, regional plan for Areal og mobilitet. Planen er tverrsektoriell og skal erstatte fleire eksisterande regionale planar og temaplanar.

Planen skal:

- gi rammer og retning for korleis areal og mobilitet skal utviklast i fylket.
- vise korleis arealbruk og transport kan bidra til å nå måla i Utviklingsplan for Vestland 2024–2028.
- utvikle eit utbyggingsmønster og senterstruktur som er samordna med infrastruktur for mobilitet, energi og tenester.
- utarbeide differensierte retningslinjer for arealbruk som sikrar utvikling i heile fylket.
- vurdere behovet for regionale planføresegner.
- sikre samordning mellom stat, fylkeskommune og kommunar.

Sunnhordlandsrådet har fått utsett høyringsfrist frå 10. oktober til 20. oktober.

Framlegg til vedtak:

Sunnhordlandsrådet som representerer kommunane Austevoll, Bømlo, Etne, Fitjar, Kvinnherad, Stord, Sveio og Tysnes, viser til høyring av planprogrammet for Regional plan for areal og mobilitet i Vestland fylkeskommune, og vil med dette gje følgjande innspel.

Planprogrammet og kommunane sitt ansvar

Sunnhordlandsrådet meiner at planprogrammet i for liten grad drøftar forholdet mellom fylkeskommunen sitt ansvar og kommunane sitt sjølvstendige ansvar for arealplanlegging.

Ein regional plan bør i hovudsak vere strategisk og overordna, og unngå detaljstyring som grip inn i kommunane si planmyndigheit. Plantemaet «berekraftig arealforvaltning» omfattar ei rekkje undertema som kommunen meiner best vert løyst lokalt, innanfor nasjonale føringar. Dette gjeld til dømes bustadpolitikk, fritidsbustader, turisme, landbruk og friluftsliv.

Ein regional plan bør fokusere på korleis nasjonale retningslinjer kan følgjast opp regionalt gjennom samarbeid og støtte. Fylkeskommunen bør utvikle eit strategisk planverk som tek på seg ei

koordinerende rolle, legg til rette for deling av kunnskap, og skaper arenaer for samhandling mellom kommunar.

Vi meiner det er naudsynt med prinsipielle avklaringar i planprogrammet om kva som skal styrast regionalt, og kva som bør overlatast til kommunane.

Regionsenter og transportkultur

Sunnhordlandsrådet meiner etablerte regionale tilbod og institusjonar som til dømes helseføretak og utdanningsinstitusjonar må inngå i kriteria for regionsenter. Vidare bør også regional tilhøyrslø og identitet bli lagt til grunn.

Når det gjeld å avklare kva for roller og funksjonar som skal ligge til dei ulike regionsentera, bør ein inkludere kriterium for plassering av m.a. eigen sentraladministrasjon. På fylkesdirektørnivå ligg ein lokasjon i Bergen, medan det finst to lokasjonar i nord-fylket – Leikanger og Førde. Me stiller spørsmål om dette er tenleg struktur og kva for kriterium dette byggjer på.

Planprogrammet legg opp til ei vurdering av å inndela kommunane i kategoriar. Det er uklårt kva for tiltak dei eventuelle kategoriane skal ha innverknad på. Dersom det er tenkt regionale tiltak, ser me at ei kategorisering kan vera nyttig, som ein del av ei heilskapsvurdering. For lokale tiltak er Sunnhordlandsrådet negativ til ei slik inndeling. Erfaringar frå strandsoneforvaltinga viser at det er dei konkrete vurderingane i kvar sak som er avgjerande for vedtaka, ikkje kva for sone/kategori tiltaket ligg i. Innføring av kategoriar kan gi større avstand til avgjerslene og dårlegare forankring av vedtaka.

Velfungerande infrastruktur og gode kollektivtilbod er viktig for at regionsentera skal vera motor for utviklinga i regionen. Manglande transporttilbod er ei barriere for deltaking. Utvikling av kommunikasjonen mellom regionsenter og omlandskommunar bør vera eit prioritert plantema. I tillegg er transportinfrastruktur svært viktig for velfungerande, framtidige arbeidsmarknadsregionar. Transportinfrastrukturen må stø opp om dei tunge næringsklyngene som allereie finst i Vestland og som me er heilt avhengige av i transformasjonen til eit grøntare og meir berekraftig næringsliv.

Berekraftig arealforvaltning

Avsnittet om planføresegner for handel i punkt 2.3.2 er uklårt og bør skrivast om. Dei regionale planføresegnene var gjeldande til 10.12.24. Kommunane i Sunnhordland kan ikkje sjå å ha vore involvert i prosess for forlenging, og legg til grunn at det per i dag ikkje er juridisk bindande planføresegner for handel i Vestland. Ein ser ikkje at det er grunnlag for å utvikle regionale planføresegner i dette planarbeidet.

I planprogrammet er det eit mål å unngå spreidd bustadbygging utifrå miljø- og naturomsyn. Sunnhordlandsrådet er generelt einig i dette, men vil samtidig peika på at å bustadbygging utanfor sentrumsområda bidrar til å oppretthalda landbruksaktivitet og å halda liv i små lokalsamfunn. Å gjera bygdene meir livskraftige er viktig både av omsyn til matforsyning og beredskap, og for bevaring av natur- og kulturmiljø. Desse vurderingane høyrer heime i kommunane, og plantemaet må difor takast ut av planprogrammet.

Ei barriere for næringslivet i Sunnhordlandsregionen er tilgang til kraft. For at ny industri skal etablerast og utviklast, må næringa vera trygg på at tilstrekkeleg kraftforsyning er sikra. Dette kan ikkje løysast med effektivisering aleine. Sunnhordlandsrådet meiner dei nye regionale planane bør ha mål om å utarbeida tydelege strategiar på korleis næringslivet sitt framtidige kraftbehov skal løysast i overgangen til fornybar kraft.

Mobilitet og transport

Regional plan for areal og mobilitet skal erstatte den strategiske delen av gjeldande Regional transportplan (RTP) Vestland 2022-2033. Ny regional plan må ta stilling til kva mål og strategiar i gjeldande RTP som bør vidareførast for å støtte opp om ei berekraftig utvikling i alle delar av fylket. Planstrukturen med eit handlingsprogram inkludert ein strategisk del med rammer for prioritering og porteføljestyling, og ein årleg handlingsdel med investeringsprogram og utviklingstiltak er tenkt vidareført. Det er vidare viktig at planen har tydeleg kopling mot endringar som skjer i arbeid med nasjonal transportplan og andre nasjonale føringar for transport og mobilitet.

God mobilitet er avgjerande for å halda oppe busetnad, næringsliv og tenester i Sunnhordland. Planen må ta utgangspunkt i faktiske transportbehov og funksjonelle regionar, og prioritera tiltak som gir størst samfunnsnytte. Planen bør ikkje føre til svekka moglegheiter for utbygging i distrikta på grunn av overordna mål om sentralisering.

Energi og næringsutvikling

Tilgang til kraft og energi er ein nøkkelfaktor for vidare utvikling av Sunnhordland, som huser store industriklynger og energiintensive verksemder. Det er viktig at havbruk, maritim sektor og tilhøyrande infrastruktur som kaier og hamner får ein tydelegare plass i planarbeidet.

Vidare tar ikkje planprogrammet nok opp i seg utfordringa med energibehovet i kystsamfunna. Havbruk, kystfiskeflåten og servicetilbod har store krav til straumtilgang, og fleire område i Vestland er ramma av låg nettkapasitet. Dette er eit viktig tema for berekraftig utvikling, og bør vere del av planprogrammet.

Til slutt vil kommunane i Sunnhordland understreke behovet for tett dialog i det vidare arbeidet med planen. Vi ber om at kommunane vert involvert i tidleg fase, og at det blir lagt til rette for reell medverknad i utforminga av strategiar og tiltak. Sunnhordlandsrådet ser fram til vidare samarbeid.

MØTEBOK

Sunnhordlandsrådet

Fredag 17. oktober kl. 09.30

Leirvik AS, Stord

Sak 63/25

AMH/thm

Fråsegn: Konkurransse om regionale ruteflygingar i Sør-Noreg

Samferdselsdepartementet har sett i gong arbeidet med ein ny konkurranse om regionale ruteflyginger i Sør-Norge med kontraktstart 1. november 2027. Departementet inviterer fylkeskommunane til å kommentere den endelege rapporten og konsulentens forslag, med høyringsfrist 19. desember 2025.

Sunnhordlandsrådet bør sende sitt innspel til vestland fylkeskommune, snarast etter regionrådsmøte den 17. oktober. Administrasjonen har vore i kontakt med Stord Lufthamn og fått innspel til fråsegna.

Framlegg til vedtak:

Sunnhordlandsrådet viser til brev datert 07.10.2025, ref. 2025/53510-2, Høyring-konkurranse om regionale ruteflygingar i Sør-Noreg.

Sunnhordlandsrådet, som består av kommunane Stord, Etne, Fitjar, Bømlo, Sveio, Kvinnherad, Tysnes og Austevoll, vil gje følgjande uttale til høyringsbrevet.

Osloruta er viktig for det regionale næringslivet i Sunnhordland med Aker Solutions i spissen.

Lufthamna er viktig for beredskapen i regionen og er ofte besøkt av redningshelikopter, ambulansfly, politi og forsvaret. Ved større brannar i distriktet har lufthamna sitt mannskap vorte nytta. I tillegg nyttar brannhelikopter Stord Lufthamn til fylling av drivstoff. Stord Lufthamn har eigen redningsbåt, som vert nytta av Hovudredningssentralen ved hendingar på sjø.

Stord Lufthamn har ved fleire høve vore nytta til helikoptertransport til og frå plattformene i Nordsjøen ved stengt helikopterterminal på Bergen lufthamn, Flesland. Stord lufthamn avlastar Bergen lufthamn med treningsflyging av sivile fly og helikopter. I tillegg nyttar forsvaret lufthamna til treningsflyging. Stord Lufthamn er i dag fast alternativ landingsplass for el-flyet som Bristow no testar ut på strekninga Stavanger-Bergen

Flyselskapet DAT er i dag flyoperatør på FOT-ruta Stord/Oslo. DAT flyg i dag 16 rundturar pr. veke på ruta. Flyselskapet nyttar i dag flytypen ATR/42, med 48 seter. Kabinfaktoren ligg er på 73%, noko som er svært høgt samanlikna med andre FOT ruter. Lufthamnselskapet hadde i sin strategiplan eit mål om å nå

45.000 reisande i 2027. Etter dei fyrste 12 mnd med FOT-ruter, nytta 45.500 passasjerar seg av ruta. Lufthamnselskapet har som mål å nå 50.000 reisande for kalenderåret 2025. I gjeldande anbod var kravet 12 rundturar pr veke og 36.500 seter i kvar retning. Pr i dag har me berre 2 rundturar på søndagar og måndagar. Desse flya er ofte heilt fulle, og ein ser såleis behovet for ein frekvensauke desse to dagane for å møte den store etterspurnaden.

Me meina at flyruta Stord-Oslo er like viktig for regionen Sunnhordland som flyrutene på dei regionale lufthamnene i Florø, Førde, Sandane og Sogndal er for sine regionar. Når det gjeld framtidig regionale ruteflygingar bør Stord lufthamn, som er drifta av Stord kommune (79%) og Vestland Fylkeskommune (21%), likestillast med dei andre regionale lufthamnene i fylket som i dag vert eigd og drifta av Avinor AS.

Aker Solutions og næringslivet elles i Sunnhordland har for tida godt med arbeid. Flyruta Stord-Oslo er såleis svært viktig for å sikre gode vilkår for næringslivet i regionen. Stadig fleire privatpersonar vel og å nytta seg av den lokale flyruta til hovudstaden, grunna god frekvens og konkurransedyktige billettprisar. Lokale helseføretak nyttar seg av flyruta når pasientar skal til/frå Oslo.

MØTEBOK

Sunnhordlandsrådet

Fredag 17. oktober kl. 09.30

Leirvik AS, Stord

Sak 64/25

AMH/thm

Møte med Hordalandsbenken og departementa 2026

Arbeidsutvalet meiner årets møter i Oslo fungerte godt, og tilrår regionrådet å legge opp til same løp i 2025. I år hadde Sunnhordlandsrådet følgjande tidsplan:

	14. januar	15. januar
Kl.08:30 – 11:30	Felles koordineringsmøte og lunsj.	
Kl.09:30 - 10:00		Kultur- og likestillingsdepartementet
Kl.10:00 - 10:45		Kommunal- og distriktsdepartementet
Kl.10:15 - 11:00		Helse- og omsorgsdepartementet
Kl.10:15 - 11:15		Samferdselsdepartementet.
Kl.10:45 - 11:30	Arbeids- og inkluderingsdepartementet	
Kl.11:30		Felles lunsj
Kl.12:00 -12:45	Energidepartementet	
Kl.14:00-14:45	Justis- og beredskapsdepartementet	
Kl.14:00-15:00	Nærings- og fiskeridepartementet	
Kl. 14:30 - 15:15		Barne- og familiedepartementet
Kl.17:00 - 18:00	Hordalandsbenken	
Kl.18:30	Felles middag med Hordalandsbenken	

For at administrasjonen skal rekke å lage avtaler med dei ulike departementa må det i løpet av oktober spelast inn saker som Sunnhordlandsrådet ynskjer å legge fram for Hordalandsbenken og dei ulike departementa. Venlegast førebu konkrete førespurnader til møte vårt 17. oktober.

Saka blir lagt fram for drøfting.

MØTEBOK

Sunnhordlandsrådet

Fredag 17. oktober kl. 09.30

Leirvik AS, Stord

Sak 65/25

AMH/thm

Formannskapskonferansen 2026

I 2024 var tema for Formannskapskonferansen «Brytningstid: kommuneøkonomi og omstilling». I år var temaet «Korleis auke omstillingstakta i helse- og omsorgssektoren?». Arbeidsutvalet legg fram forslag om følgjande tema for Formannskapskonferansen 2026:

- Beredskap
- Ungdomskriminalitet
- Effektive tenesteleveranse hjå kommunane

Venlegast førebu kva tema de ynskjer til møte vårt 17. oktober. Sjå program for 2024 og 2025 vedlagt. Saka blir lagt fram for drøfting.

MØTEBOK

Sunnhordlandsrådet

Fredag 17. oktober kl. 09.30

Leirvik AS, Stord

Sak 66/25

AMH/thm

Handlingsplan 2026 og arbeidsgrupper

Sjå vedlagt Handlingsplan 2025. I desembermøte vårt skal me vedta handlingsplan for 2026. Til møte den 17. oktober er det eit ynskje frå AU og administrasjonen at det blir sett av tid til å diskutere kva saker me skal hovudsakleg prioritera i 2026, og danne arbeidsgrupper for dei viktigaste sakene .

Venlegast førebu kva topp 5 saker de ynskjer skal prioriterast høgast i 2026, til møte vårt den 17. oktober. Saka blir lagt fram for drøfting.

MØTEBOK

Sunnhordlandsrådet

Fredag 17. oktober kl. 09.30

Leirvik AS, Stord

Sak 67/25

AMH/thm

Skriv og meldingar

a) Møteplan 2026

Møteplan 2026 under viser Sunnhordlandsrådet sine planlagde møter i 2026 (merket med blått), og styre samt representantskapet til Region Sunnhordland IKS sine møter (merket med oransje). Datoar merka med gult er uavklart.

Møter	Jan	Feb	Mars	April	Mai	Juni	Aug	Sept	Okt	Nov	Des
Nyttårsmøte <u>Vlfk</u>	9										
Møte med Hordalandsbenken + departementa	13-14										
Arbeidsutvaldsmøte	30*		20*		22*		28*		16*	20*	
Sunnhordlandsrådet		13		10		5		11	30		3-4
Regionalt formannskapsmøte			6								
Felles AU med Haugalandrådet			12				28*				
Felles rådsmøte med Haugalandrådet			26					11			
Felles AU med Hardangerrådet			20*								
Felles rådsmøte med Hardangerrådet				10							
Arendalsuka							10-14				
KS/Staten møter kommunane									13-14?		
KS Vestland					?						
Rein <u>Hardangerfjord</u> «Grand finale»								16-17			
Styremøte Region Sunnhordland IKS			12					18		20*	
Representantskapsmøte Region Sunnhordland IKS				10							3-4

Stad for møta i Sunnhordlandsrådet:

13. februar: Bømlo

26.mars: Fitjar

10. april: Hardanger

5. juni: Etne

11. september: Haugalandet

30. oktober: Tysnes

3-4. desember: Kvinnherad

*Teamsmøte

b) Region Sunnhordland strategiprosess

Den 17. september 2025 var styre til region Sunnhordland IKS samla til møte. Kor blant anna vidare strategiprosess for selskapet blei drøfta. Det blei i møte fatta følgjande vedtak om å sette ein analyse i bestilling:

1. Administrasjonen lager klar eit tilbudsgrunnlag og sender det til styre for godkjenning. Styre skal være med i utveljing av leverandør.

2. Administrasjonen set i bestilling ein analyse av dagens prosjektportefølje, og ulike retningar prosjekta kan utvikle seg i. Analysen må og dekke kva det vil sei for regionen om nokon av dagens prosjekt blir lagt ned.
3. Del to av analysen tar for seg kva det vil sei for kommunane (eigarane) om Region Sunnhordland IKS utviklar seg til å og levere tenestebaserte oppgåver i tillegg til prosjektporteføljen. Ein slik analyse må ta for seg selskapet som reindyrka prosjektorganisasjon og reindyrka tenestebasert organisasjon, og ein må analysere ein kombinasjon av dei to organisasjonsformene.

Saksutgreiinga for vedtaket var som følgje:

BAKGRUNN

Region Sunnhordland IKS er eigd av kommunane Austevoll, Bømlo, Etne, Fitjar, Kvinnherad, Stord, Sveio og Tysnes. Selskapet vart oppretta i 1981 som eit regionråd, men utvikla seg etter kvart til å eige ein rekke prosjekt. På grunn av ein endring i Kommunelova §18 i 2020, så måtte selskapet som den gong heitte Samarbeidsrådet for Sunnhordland IKS (interkommunalt selskap) endre organisasjonsform til Interkommunalt politisk råd (IPR). Jmf. Kommunelova §18 så kan ikkje eit IPR eige prosjekt, det skal vere ein reindyrka politisk møteplass. Dermed måtte ein dele Samarbeidsrådet for Sunnhordland IKS opp i to selskap: Region Sunnhordland IKS som eig prosjektporteføljen, og Sunnhordlandsrådet IPR som er den politiske møteplassen. Ny organisasjonsform var på plass frå 23. september 2023. Organisasjonskartet ser i dag slik ut:



I Region Sunnhordland IKS sin porteføljen finn ein prosjekta: Visit Sunnhordland, Bu i Sunnhordland, Kompetanseforum Sunnhordland. Ein finn og dotterselskapet UNESCO Geopark Sunnhordland AS under Region Sunnhordland IKS. Region Sunnhordland er og involvert i den fem-årige plastrydde aksjonen Rein Hardangerfjord. No ynskjer styre til Region Sunnhordland å ta ein systematisk gjennomgang av porteføljen og kartlegge kva verdi desse prosjekta tilfører regionen og dei åtta kommunane.

STRATEGIKARTLEGGING

Strategidokumenta som var utarbeid under gamal selskapsform, var i hovudsak utforma for regionrådet (Sunnhordlandsrådet IPR). Regionrådet består av åtta ordførar, samt dagleg leiar og åtta kommunedirektørar med møte og talerett. Etter kommunevalet hausten 2023, brukte ein første tida til å gå gjennom strategiplan og handlingsplan for Sunnhordlandsrådet IPR. Arbeidet som blir utført der er som oftast grunnlaget for dei prosjekta som blir oppretta under Region Sunnhordland IKS.

Ved budsjettarbeidet til kommunane hausten 2024, blei det stilt spørsmål ved enkelte av fellesprosjekta som ligg i porteføljen til Region Sunnhordland IKS. To av kommunane har dobbelt regionrådsmedlemskap. Det gjeld Sveio og Etne, som begge er medlem av Sunnhordlandsrådet IPR og Hauglandsrådet IPR. Samstundes har fleire av kommunane doble Visit medlemskap:

- Kvinnherad: Visit Sunnhordland og Visit Hardangerfjord
- Sveio og Etne: Visit Sunnhordland og Visit Haugesund
- Tysnes og Austevoll: Visit Sunnhordland og Visit Bergen

Dei same åtte ordførarane som utgjer Sunnhordlandsrådet, utgjer og representantskapet til Region Sunnhordland IKS. Mange tenester/oppgåver blir i dag levert regionalt via ulike interkommunale samarbeid. Sunnhordlandsrådet IPR har gjort ei kartlegging av kva oppgåver/tenester ein ytterlegare kunne ha løyst saman regionalt. Dømer på områder ein ser potensiale er:

- Innkjøp
- Prosesskompetanse plan og byggesak
- Arkiv
- Helse og omsorg
- Rekruttering

Den 13. mars 2025 møtes styret og representantskapet til Region Sunnhordland til felles strategimøte, kor mange av punkta over blei drøfta. Målet for strategimøte var å starte arbeidet med å utforme ein ny strategi for selskapet. Samlinga tok utgangspunkt i Region Sunnhordland IKS sin selskapsavtale §3 som seier følgjande:

Føremålet med selskapet er å drive regionalt samfunns- og utviklingsarbeid. Selskapet skal bidra til auka samhandling, attraktivitet og verdiskaping i regionen.

Selskapet skal vera sekretariat for Sunnhordlandsrådet interkommunalt politisk råd (Sunnhordlandsrådet IPR) og for arbeidsutvalet til Sunnhordlandsrådet IPR.

Det vert vist til samarbeidsavtalen for Sunnhordlandsrådet IPR.

Dagen starta med at Tora Haslum Myklebust, dagleg leiar, gjekk systematisk gjennom prosjektporteføljen til selskapet, og Mari Pedersen Totland frå Ydda, gjekk gjennom ein analyse Ydda har gjennomført av prosjektporteføljen. Styreleiar Torstein Fjeldet Lunde leia forsamlinga gjennom ein workshop, som hadde som formål å avdekka om Region Sunnhordland skulle fortsetje med dagen prosjektportefølje, eller endre retning. Mykje av tida blei brukt til å drøfte noverande portefølje, særskild Bu i Sunnhordland og Visit Sunnhordland. Administrasjonen fekk i oppgåva å sende ut ein spørjeundersøking til alle medlemmane i Visit Sunnhordland, samt kommunane og reiselivsnæring elles, med mål om å kartlegge kva dei ynskjer vidare. Sjå vedlagt oversikt på kva spørsmål dei fekk, samt oppsummering av svara.

DAGENS PORTEFØLJE

Å være ein del av den offisielle reiselivsplattforma til Visit Norway (organisert under Innovasjon Norge) kostar mykje. Med bakgrunn i den høge kostnaden, valde kommunane i si tid å gå saman om eit spleiselag, mot at reiselivsnæringa i regionen gjekk sjølv inn med tilsvarande beløp. Dermed blei prosjektet Visit Sunnhordland oppretta i 2004.

Økonomi var eine argumentet for å danne ei felles reiselivssatsing. Det andre hovudargumentet var sjølvstøtt felles merkevarebygging av regionen Sunnhordland. Sunnhordland ligg plassert mellom kjente norske reiselivssatsingar, som Visit Bergen, Visit Hardangerfjord og Visit Haugesund. Det er tidkrevjande å bygge opp ei merkevare. Den visuelle profilen til region Sunnhordland blei oppdatert i 2023, med å gje alle prosjekta våre ein lik visuell profil, samt at prosjekta har eit overordna felles mål: å utvikla regionen til det beste for fastbuande, tilreisande og framtidige generasjonar!

Visit Sunnhordland kan vise til ein jamn vekst i besøkande sida oppstart i 2004. Så satsinga verkar! Ein anna viktig faktor var å bygge eit nettverk for reiselivsnæringa kor ein kunne dele erfaringar, styrke samarbeidet rundt opplevingar/aktivitetar og drive felles kompetanseheving. Jamfør vedlagte oppsummering frå spørjeundersøkinga til Visit Sunnhordland, så opplever dagens medlemmar at det er nyttig å delta i netverket, med tanke på kompetanseheving og erfaringsutveksling. Nokon er av den oppfatning at det hadde vore nyttig å kople seg tettare på nabo destinasjonsselskapa, men mange opplever det som nyttig med eiga Sunnhordlands satsing.

Dagleg leiar og reiselivsansvarleg har og hatt møte med dagleg leiar, Stein Ove Rolland, i Fjord Norge, for å drøfte problemstillinga. Han er tydeleg i si tilbakemelding: sats vidare på eiga merkevare, men bygg Visit Sunnhordland og Bu i Sunnhordland tettare saman. Dette er og ei oppfordring frå Visit Norway. Dette er ei oppfordring som går ut til alle regionar no. Sånn sett er Sunnhordland godt førebudd, då me allereie har alt under ein paraply, med både Vist Sunnhordland, Bu i Sunnhordland, Geopark Sunnhordland og Kompetanseforum Sunnhordland. Under Atheno AS finn med Invest In Sunnhordland, som og nokon av kommunane i Sunnhordland eig delar av. Det kan være nyttig i det vidare arbeidet frametter å sjå alle desse prosjekta under eit. Døme på ulike scenario for region Sunnhordland:

- Visit Sunnhordland fusjonera med Visit Haugesund og Region Sunnhordland fusjonera med Haugaland Vekst.

- Visit Sunnhordland fusjonera med Visit Hardangerfjord.
- Bu i Sunnhordland blir ein del av Visit Sunnhordland.
- Bu i Sunnhordland, Kompetanseforum Sunnhordland og Invest In Sunnhordland fusjoner.
- Bu i Sunnhordland, Vist Sunnhordland og Geopark Sunnhordland fusjonera.

Eller selskapet kan fortsetje som før. På vegne av regionen driftar me til dømes to særskilte viktige sertifiseringar: Berekraftig Reisemål og UNESCO. Ordningane støttar oppunder kvarandre og begge er grensa av til å gjelda regionen Sunnhordland. Noko som forsterkar argumentet med å fortsetje å bygge merkevara Sunnhordland. Ein analyse må og dekke kva det vil sei for regionen om ein tar vekk nokon av dagens prosjekt.

PROSJEKTORGANISASJON VS. TENESTEBASERT ORGANISASJON

Dagleg leiar og styreleiar gjennomførte i august 2025 eit arbeidsmøte, kor det blei tatt ein gjennomgang av arbeidet og funna så langt. I møte konkluderte ein med at dagleg leiar skulle sjå nærare på kva det vil ha å sei for eigarane (kommunane) å vri selskapet frå å være ein prosjektorganisasjon til i auka grad levere tenester for kommunane. Dømer på områder ein kan iverksette interkommunalt samarbeid, er som nemnt ovanfor:

- Innkjøp
- Prosesskompetanse plan og byggesak
- Arkiv
- Helse og omsorg
- Rekruttering

Pr. i dag brukar administrasjonen store delar av årsverka til å jage prosjektmidlar til både Visit Sunnhordland, Geopark Sunnhordland og Bu i Sunnhordland. Me driftar prosjekta på marginale budsjett og med få tilsette, samanlikna med liknande bedrifter.

Målet for denne prosessen må være å ta ein grundig analyse av dei ulike scenarioa, for å kunne konkludere med kva som vil gagne kommunane i det lange løp. Det for å kunne yte best for våre eigarar, men og for å forankre avgjersla hjå dei. Det vil gje dei tilsette i region Sunnhordland ein tryggare kvardag, samt ei oppleving av å utførte oppgåver på vegne av eigarane som er både ynskja og hensiktsmessige.

OPPSUMERING

Dagleg leiar vil foreslå følgjande for vegen vidare: Hyre inn ein tredjepart, som analysere kva av scenarioa i noverande prosjektportefølje som står seg best for framtida, samt starte på eit forprosjekt som tar for seg kva nye tenestebaserte oppgåver kommunane kan være tent med å legge til Region Sunnhordland IKS.

c) Bu i Sunnhordland og utanbys arrangement

September er på mange måtar «sesongmånad» for karrieremesser. I løpet av denne perioden har Bu i Sunnhordland, saman med bedrifter og kommunar frå regionen, besøkt studiebyane Bergen, Trondheim og Oslo. Der har dei møtt tusenvis av potensielle framtidige innbyggjarar og arbeidstakarar. Les meir her: [Studentar vil til Sunnhordland - Region Sunnhordland](#)

Følgjande datoar er sett av til Yrkesfagdag 2025:

- 29. oktober Stord, Fitjar, Austevoll og Tysnes
- 6. november Bømlo og Sveio
- 26. november Kvinnherad og Etne

Agreementet er for alle på 10-trinn i Sunnhordland. På yrkesfagdagen blir dei kjent med dei ulike fagløpa dei kan velje seg. Regionen vår treng enda fleire unge som vel å gå yrkesfagvegen.

Vidare så vil Bu i Sunnhordland straks tilby næringslivet i Sunnhordland å melde si bedrift på Internship 2026. Internship er meir enn ein vanleg sommarjobb. Studentane vil være med å løyse aktuelle oppgåver for selskapa, samt at dei vil få tilbod kvar veke om felles arrangement, for å bygge både fagleg og sosialt nettverk. Dette vil bli eit viktig tiltak i å gjere regionen vår synleg og attraktiv. Me vonar mange bedrifter melder si interessa.

d) Visit Sunnhordland og visningstura

I løpet av september har Visit Sunnhordland hatt gleden av å visa fram regionen frå si beste haustside. Først for internasjonale turoperatørar i samarbeid med Visit Hardangerfjord og Innovasjon Norge. Og deretter for innhaldsprodusentane i Visit Norway si SoMe-avdeling. Fellesnemnaren? Slow living, kystkultur og heilårsturisme. Les meir her: [Visit Norway og turoperatørar opplevde haust i Sunnhordland - Region Sunnhordland](#)